

Får lov til å byggja 100 meter veg

24.03.2008

Tor Jarle Kjærland på Døssland nedre i Uskedalen har fått løyve av kommunen til å byggja ein 100 meter lang skogsveg, som heiter Vettrastølsvegen og er enkel klasse 8.

Arealbruken er i samsvar med kommunedelplanen og avkøyrsløse til offentleg veg er ikkje aktuelt. Naboar og gjenboarar er lovleg varsla, heiter det i godkjenninga, Arbeidet skal vera avslutta innan eitt år frå no og eit av dei andre vilkåra er at det skal utarbeidast vegplan. Massetak og skjeringar skal pussast til i samsvar med nomalane for landbruksvegar.